

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

81. ÅRG. / NR. 2 - 2026

God  
sommar!



**Ruben  
sluttar**

Side 5

**Konfirmant-  
bilete**

Side 11

**Utegudstenester  
i sommar**

Side 13



[www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

**Vikarprest Roar Strømme**

Prest i Vaksdal og Stamnes og Eidsland sokn

Mobil: 97 03 77 37 / E-post: rs466@kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

**Kyrkjelydspeagog Kristin Straume Normann**

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

**Organist Frode R. Vik**

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

**Vaktmeister Ottar Dalseid**

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

**Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe**

Tlf 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

**Samtale med presten?**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**Informasjon**

om gudstenester mmm m finn du på kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no

**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

**Stoff til neste nummer må vera kome inn til 18. august.**

Bilete på framsida: Kari Constance Sjurstræ Trefall og Loke Nottberg Brønstad vart døypte i Eksingedalen kyrkje 7. juni. Begge bur i Eksingedalen – i Haugen i Fagerdalen og på Flatekval – og vart jamvel fødde same dagen! Og det er nok lenge sidan sist det var to dåp same dagen i Eksingedalen. Til lukke med dåpen! Foto: Privat

# Sumaren er ei gåve



*Det er noko som skjer med folk når sumaren kjem. Skuldrene sig litt ned. Steget vert litt lausare. Og augo løftar seg og ser utover, i staden for ned mot asfalten. Folk smiler til deg når du møter dei*

Me som bur i Vaksdal veit kva det vil seie å ha naturen tett på. Fjorden ligg der, fjella reiser seg, og naturen kallar. Kvar sumar er det nye som oppdagar dette, og andre som kjem igjen for å finne att det dei trong å finne att. Det er noko djupt menneskeleg i det – denne lengselen etter å koma seg ut, å puste, å vera til stades i verda på ein annan måte enn i kvardagen.

I Bibelen er kviledagen ikkje berre ein praktisk ordning for at folk ikkje skal brenne seg ut. Det er ein teologisk bodskap: Gud kvilde på den sjuande dagen. Kvile er ikkje latskap, det er ein del av skaparverket sjølv. Sumaren er på mange måtar den store kvilen i årshjulet, tida då me får lov å sette ned farten og ta inn over oss det livet faktisk inneheld.

Til hausten er me her att, med nye planar, ny energi og forhåpentleg litt solbrente.

**God sommar til alle, anten de drar langt av stad eller finn dykkar eige vetle paradys her heime i Vaksdal.**

*Bjart-Magnus N. Rosvold, Kyrkjeverje i Vaksdal*

**Fellesrådsleiar:**

Elisabeth Verpelstad, tlf 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

**Soknerådsleiarar:**

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf 99 64 23 17

**Den norske kyrkja si heimeside:** [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Björgvin bispedømme si heimeside:** [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Wenche Horvei**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** RK Grafisk, tlf 99 21 42 00**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 DalekvamKyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: [kyrkja.no/vaksdal](http://kyrkja.no/vaksdal)

# « ... hva angår det deg? Følg du meg! »

Helt til slutt i Johannesevangeliet, etter oppstandelsen, ved bredden av Tiberiassjøen, sier Jesus noen ord til Peter som også kan tale til oss alle: «... hva angår det deg? Følg du meg!» Peter har nettopp fått høre at livet hans ikke skal bli lett. Jesus sier at når Peter blir gammel, skal han strekke ut hendene sine, og en annen skal binde beltet om ham og føre ham dit han ikke vil. Evangelisten legger til at Jesus med dette ga til kjenne hva slags død Peter skulle ære Gud med. Ikke rart at Peter snur seg. Ikke rart at han ser på den andre disippelen og spør: «Herre, hva med ham?» Skal han også lide? Skal han slippe lettere? Skal han få en annen vei, en bedre vei?

Spørsmålet er helt menneskelig. Vi kjenner det igjen. Også blant disiplene møter vi flere ganger dette behovet for å vite hvem som er størst, hvem som står nærmest, hvem som får den beste plassen. Hvem er mest elsket? Hvem får den største belønningen? Jesus svarer dem gang på gang ved å snu målestokken på hodet: Den som vil være stor, må være tjener. Den første skal bli den siste. Den som vil høre Guds rike til, må ta imot det som et barn.

Til Peter sier Jesus: «Om jeg vil at han skal leve til jeg kommer, hva angår det deg? Følg du meg!» Det kan høres hardt ut. Men det er ikke likegyldighet Jesus kaller Peter til. Han sier ikke: Bry deg ikke om andre. Tenk bare på deg selv. Tvert imot. Å følge Jesus er det motsatte av likegyldighet. Det er å se sin neste, hjelpe den som trenger hjelp, trøste den som sørger, beskytte den som er i fare, og bære hverandres byrder.

Samtidig setter Jesus Peter fri fra sammenligningsfellen. Han kaller ham bort fra trangen til stadig å måle eget liv mot andres. Hvorfor fikk jeg denne sorgen? Hvorfor fikk hun den gleden? Hvorfor måtte jeg bære dette, mens andre slapp? Gleder og sorger fordeler seg ikke alltid slik vi skulle ønske. Livene våre blir ikke like gode eller dårlige. Kallene våre kan være ulike. Veiene vi går, tar forskjellige retninger. Men Kristus er den samme.

Peter fikk aldri svar på det han egentlig spurte om. Jesus ga ham ikke fasiten. Han ga ham heller en retning: Følg meg! Kanskje dette er nok også for oss. Hva Gud gjør i og gjennom andre menneskers liv, kan jeg ikke vite. Ofte ser jeg

heller ikke hele meningen med det som skjer i mitt eget liv. Men jeg kan følge ham som går foran. I ord og handling. I tro og tvil. I glede og sorg.

Når veier skilles, kan vi lett begynne å spørre: Hva nå? Hvordan skal det gå? Hva venter lenger framme? Da får vi også øve oss i å overgi hverandre i Guds hender. For nå er tiden kommet for å si adjø. Og å si adjø er egentlig å si: til Gud. Det er å overlate hverandre til ham som kjenner veien videre.

Det har vært en stor glede for meg å få være prest hos dere i Vaksdal denne alt for korte tiden. Jeg er evig takknemlig for alle de gode samtalene og for menneskene jeg har fått bli kjent med. Dere har gitt meg minner for livet, som jeg alltid vil bære med meg. Selv om veiene våre nå skilles, håper jeg at vi møtes igjen....

Takk for meg, og Gud velsigne dere videre på veien!

Hilsen  
Fredrik Hope



Foto: Avisas Hordaland/Stine Carlsen

# Min salme

Jeg takker for utfordringen fra Eirik Straume Normann og kan videre fortelle. Jeg har levd i salmenes rike hele livet. Min far Lars Ragnvaldsen var organist i Bergen og jeg var naturlig med ham rundt alle steder der det ble sunget salmer. Det ble da ganske naturlig at jeg gikk i hans fotspor og studerte til kantor, ferdig i 1972.

Vår Norske Salmebok er et gedigent leksikon med tekster og melodier fra hele verden.

Som kantor har det vært min tjeneste i Den Norske Kirke å lede menigheten i salmesang og liturgi. Det å oppleve full kirke med fulltonende salmesang og orgel har jeg vært så heldig å oppleve mang en gang, ikke minst her i vår hovedkirke Dale kyrkje.

Hva er så eksempel på en god salme? Selvfølgelig en tekst som er lettfattelig og innenfor det kristne budskap. Hva er så en god melodi? Svaret mitt er; Ikke for lang og lett gjenkjennelig.

## I dine hender, Fader blid

*Norsk salmebok nr. 409 | T: Nicolaus Selnecker 1578, Basilius Förtsch 1609 | O: Jesper Swedberg 1694*

*M: Trond H. F. Kverno 1975*

**1** I dine hender, Fader blid,  
jeg legger nå til evig tid  
min sjel og hva jeg er og har,  
ta du det alt i ditt forvar!

**2** Se, sjel og liv ditt eie er,  
det er min trøst, o Herre kjær.  
Hva ditt er, hegner du omkring.  
Så frykter jeg for ingen ting.

**3** I deg jeg har den gode del.  
Ditt ord er føde for min sjel.  
Til hjelp i all min fattigdom  
du kommer som du alltid kom.

**4** Det er min tro, o Fader blid,  
i den jeg lever all min tid.  
Ifra ditt barn du aldri vik,  
så jeg kan arve himmerik!  
Amen, amen, amen.

Som nasjon har vi alltid fått våre salmeimpulser, tekster og melodier fra sentrale land i Europa.

Mange melodier kunne være vanskelige og lange og salmetekstene måtte oversettes. I løpet av 1950-årene kom så et nytt melodipreg fra den Anglikanske kirke, samtidig som vi fikk utdannet en ny gruppe komponister, som feks Knut Nystedt og Egil Hovland. Vi fikk en slags nyvekkelse når det gjaldt salme (elementer) melodier og liturgiske element som motetter osv.

En av disse nye komponistene, Trond Kverno,

er så den som har komponert melodien til «Min salme» nr 409 i Norsk Salmebok. God melodi som er slitesterk og ikke for komplisert. Oversatt tekst som man identifiserer seg i og synge med av full hals. Trond Kverno har laget melodi til ca 30 nr i Norsk Salmebok.

Jeg takker for oppgaven og ønsker at alle som oppsøker kirke/forsamlinger:

Vær med og løft salmesanger i tiden som kommer. Lykke til!

**Lars Ragnvaldsen**

# Ruben er på veg vidare

Etter snart åtte år som organist i Vaksdal – og som kantor sidan 2024 – gjev Ruben Gjertsen seg hos oss no.

*Korleis var overgangen å studere/jobbe i byen og så reise rundt i alle kyrkjene i Vaksdal?*

Fokuset var lenge komponering med rikeleg tid til fordjuping, eg veksla mellom freelancearbeid og stipendiatstillingar. Allereie året i Tromsø Domkirke og undervisningsarbeidet på Griegakademiet ble kalenderen fylt tettare. Reising var det også på gravferds-turnusen i Tromsø, som er ein stor kommune. Då fekk eg stadig sitje på med presten, byrået eller ein solist. Då jeg skulle byrje fast i Vaksdal vart eg nøydt til å skaffe bil med firehjulstrekk.

*Du har halde mange konsertar i Vaksdal. Er det nokon av dei du hugsar særskild?*

Eg tel rundt 30 orgelkonsertar i løpet av åra i Vaksdal, og i tillegg nokon digitale konsertar frå pandemien. Eg hugsar nok den siste best, då eg hadde min siste orgelkonsert i Dale kyrkje under Dale-dagane. Det er eit orgel med mange farger. Og eg hugsar jubileumskonserten på Eidsland i fjor, der eg spela saman med Berit Opheim. Ines Maidre, som eg hadde som orgellærer, hadde ein fantastisk orgelkonsert i Dale kyrkje. Tabula Rasa hadde en spanande samtidsmusikk-konsert, men dei fekk eit langt større publikum i Bergen enn på Dale.

*Kva er den viktigaste røynsla du tek med deg frå tida som kyrkjemusikar i Vaksdal.*

Eg var i løpet av denne tida igjenom kyrkjemusikkstudiet i Tromsø, med praksis i Storetveit i Bergen. Det har gjeve input og endring av spelemåten. I Vaksdal er det store og små instrument, og ein må alltid lage musikk ut av dei avgrensingane ein har.

*Kor skal du vere kantor no, og kva arbeidsoppgåver ventar deg der?*

Eg går over til jobben som kantor i Fana



**TAKKA AV:** Ruben vart takka av i Nesheim kyrkje etter siste gudsteneste der. Anita Gullbrå gav han gåver på vegne av kyrkjelyden: Boka om Nesheim kyrkje frå 2008 og After Eight-sjokolade – som er ein av hans favotittar!



**GJEV SEG:** Ruben Sverre Gjertsen.

kirke, med noko speling i Ytrebygda. Det vert gudstenester, andakter, seremoniar, konsertar, korarbeid, og samarbeid

med frivillige. Det er et folkerikt område med særleg mange vigslar.

*Til slutt vågar me å spørje: Kvifor sluttar du hos oss no?*

Når det er så gode musikalske høve som det er i Vaksdal kan eg ikkje søkje på kva som helst. I Fana er det rikt musikkliv og ei mellomalderkyrkje med eit stort orgel. Det vert nye utfordringar å vekse på. Det er stort behov for restaurering av orgelet i Fana kyrkje men det kan bli veldig fint om det lukkast å samle inn pengar til det. Planane som er lagt ser lovande ut.

Når det er sagt håper eg også det også kommer midlar til restaurering av Dale-orgelet. Det er framleis belgar som treng å bytast, og pipene støvar seg tette. Det er eit unikt orgel, det største som er igjen av samarbeidet mellom Steinmeyer og Norsk-Orgel og Harmoniumfabrikk. Det vil eg håpe blir spelt på og sett pris på og i framtida.

*Tekst/Foto: Frode Kvamsøe*

# JA-prisen til Stamnes og Eidsland sokneråd

Soknerådet fekk prisen under tilstellinga på Stamnes skule 17. mai. Gratulera! Her er juryen si grunngjeving:

I år kom det inn mange gode forslag til kven som fortente JA-prisen. Det var mykje gode forslag på lappane. Men då me byrja å gå gjennom forslaga, vart det ganske raskt tydeleg at eitt namn gjekk att. Om att og om att.

Det var nesten som om dette var ferdig avgjort på førehand. Ikkje fordi dei andre kandidatane ikkje var gode nok, men fordi årets vinnar har gjort seg så synlege, nyttig og viktig for så mange i bygda. Det gjorde at dei fekk ei heil lita bunke med lappar i forslagskassen.

## Årets JA-pris går til Stamnes og Eidsland sokneråd

Soknerådet er eit strålende døme på folk som seier ja når noko skal gjerast. Ja til dugnad. Ja til fellesskap. Ja til å skapa liv og aktivitet. Og ja til å gjera kyrkja og møteplassane rundt henne opne og inkluderande for alle.


Dei står på -heilt frivillig og på dugnad - og er synlege i bygda

på ein måte mange legg merke til og set pris på.

Dei arrangerer kyrkjegardsdag med planting, stell, blomesal, lappar og kaffi. Dei kostar, rydd ar, plantar og held det fint og innbydande både ute og inne rundt kyrkja. Dei stiller opp som vertar og hjelpa rar når det trengst, som no nyleg under konfirmasjonen, og dei assisterer både prest og kyrkjetenar når det er behov.

Og så må me nemna spøtekafeen i sakristiet. Det som byrja ein gong i månaden måtte rett og slett utvidast til annakvar onsdag fordi folk trivst så godt der. Frå 9 til 95 år(!) samlast folk til prat, kaffi, latter og fellesskap. Det er rett og slett blitt ein kjempekoseleg møteplass i bygda.

Soknerådet arbeider heile tida for låg terskel og stor takhøgde. Alle skal kjenna seg velkomne og inkluderte. Dei arrangerer kyrkjefrukost, arbeider for å gjera kyrkja meir tilgjengeleg, og ser stadig etter nye måtar å



**PRIS:** Soknerådet fekk dette fotografiet av Torbjørn Rørvik som eit synleg teikn på prisen. Biletet heng i sakristiet i Stamnes kyrkje.

skapa varme og fellesskap på. Mellom anna har dei fått på plass lysskute i kyrkja og nytt teppe, og no arbeider dei for å få til ein betre kjøkkenkrok i sakristiet slik at det vert lettare å samlast til enkle møte og besøksstunder når livet krev det.

Difor er det ei stor glede å få dela ut årets JA-pris til Stamnes

og Eidsland sokneråd.

Gratulerer så mykje - og tusen takk for alt de gjer! Vel fortjent!

*Signert årets Ja-pris gruppe,  
på vegne av heile 17. mai -  
komiteen og bygdefolket;  
Rune og Martha Lise  
Erik Andreas og Mona  
Stine og Remi*

## Endring i personalet

**Ruben Sverre Gjertsen** gjev seg i sommar som kantor hos oss. Den siste gudstenesta han spelar i vert Stølgudstenesta i Bergsdalen 5. juli. På Vaksdal spelar han for siste gong 21. juni, og 28. juni spelar han for siste gong på Dale og Stamnes.

**Frode Raymond Vik** har takka ja til å få sin stilling som organist utvida til 100%.

Det er lyst ut stilling som kantor/ kyrkjemusikar, med søknadsfrist 26. juni.

**Fredrik Hope** gav seg som prest i Vaksdal 1. juni, av helsemessige og familiære årsaker. Han går over i ei anna stilling i Bjørgvin bispedøme.

Då stillinga som sokneprest i Vaksdal sokn og Stamnes og Eidsland sokn vart utlyst i mai kom det ingen kvalifiserte søkjarar. Stillinga vert lyst ut på nytt etter sommaren.

**Roar Strømme** held fram som vikarprest hos oss. Han skal og ha vikaroppdrag i Kvam, og vil samla ha ein stilling i 70%.

**Kristin Straume Normann** er kyrkjelydspeagog hos oss i 50%. Dei siste åra har ho i tillegg hatt stilling som konfirmantansvarleg i 20%. No har ho gjeve seg som konfirmantansvarleg, og kyrkjeverja jobbar med å finne ein erstattar i minst 20%.

### VART TAKKA AV:

Fredrik Hope vart takka av då det var Medarbeidarfest for kyrkjelydane tidlegare i juni, og kyrkjeverje Bjart-Magnus N. Rosvold heldt ein fin tale til han og overrekte blomar og eit gåvekort frå kyrkjelydane og medarbeidarane.



**STYREMØTE:** Styret og administrasjonen på styremøte i Torit 28.05.2026.

## Nytt frå Kuron, Sør Sudan

Vaksdal sokneråd er med og støttar Fredslandsbyen i Kuron, Sør Sudan gjennom Norwegian Friends.

### Styremøte

For andre gong i 2026 vart det halde styremøte i Peace Village. Eit viktig og positivt møte som vart halde i Torit, hovudstaden i staten Eastern Equatoria.

Administrasjonen kunne rapportera om god aktivitet. Dei tilsette er motiverte og arbeider godt. Etter eit problematisk år i 2025 er situasjonen no bra. Finansane er OK og dei tilsette har fått løn.

Utfordringar og behov vart diskutert og adressert. Mellom anna vedtak om innkjøp av ein sårt tiltrengt lastebil.

### Ting som skjer

Det fyrste av tre skulesemester i 2026

er avslutta. Elevane har no vore heime på ferie og kjem tilbake andre veka i juni. Det kom nyleg informasjon om eksamensresultata for avgangselevane i 2025: 36 grunnskuleelevar tok eksamen i Kuron og alle bestod!

Leveransar av medisinar til klinikken har ikkje fungert i om lag eit år, men gaver frå Norwegian Friends og frå kyrkjer i Tyskland har redda situasjonen. No er normal medisinforstyring igjen venta.

Norwegian Friends har hatt fokus på å skaffa finansiering av skulepenge til lokale born der familieane ikkje evnar dette. Mange har gjeve bidrag. Det vert no sendt over 30 000 kr som vil dekkja skulegang i eitt år for 50 born, og i tillegg noko mat.

## SKILT

Tekstilstaden  
Daleskilt har  
og kome på  
plass på  
Dale kyrkje.



Takk til Vaksdal historielag og sentrumsforeininga som har ordna med desse skilta!



## SOKNERÅDET ORDNAR OPP!

Stamnes og Eidsland sokneråd har rydda og ommøblert sakristiet og «presterommet» i Stamnes kyrkje. Nokre nye møbler har kome på plass i vår, og andre møbler har fått ny plassering. Blant dei som har gjort ein innsats er sokneråds-medlemane (fv.) Monica Myster Dyvik, Eli Marit Hvidsten, Anne Margrete Eikefet og Olaug Lunde Stamnes.

## KJELL ARNE MED NY BOK

Kjell Arne Norum, tidlegareprest i Vaksdal, har kome med ei ny bok: «Dele det beste vi har». Boka lyftar fram misjon som kyrkja sitt viktigaste oppdrag. Ho er og egna til bruk i små grupper, og har ein eigen samtaleplan.

Boka er gjeve ut på Forlagshuset Lunde. Kjell Arne gav i 2019 ut boka «Gud og miljøet - hva sier Bibelen?»





Desse sidene er avsett til kyrkjeleg undervisning og læring i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvstøtt livs- og trusveggen det handlar om, og målet er at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!



## Borna sin påskedag i kyrkjene

Palmesundag inviterte me til Borna sin påskedag i Dale og Eksingedalen kyrkjer. Sjuåringar var spesielt inviterte, og alle andre var sjølvstøtt velkomne òg! Dei som var til stades fekk oppleve påskeforteljinga enkelt dramatisert ved at presten/ein medhjelpar gjekk i rolle som Jesus, og dei som var i kyrkja

fekk òg på sitt vis vera med på det som hende, om det var å vifta med palmegreiner på palmesundag, få føtene «vaska» på skjærtorsdag, eller koma med blomar til grava på påskedag. Etterpå hadde me hobbyaktivitet og påskeeggjakt!

## Gudsteneste på Skipshelleren med barnekora



**GUDSTENESTE:** Over 50 deltakarar var samla under helleren denne dagen.

Kristi Himmelfartsdag var det gudsteneste på Skipshelleren på Straume. Gudstenesta var under helleren sidan det var utrygt for regn. Denne gongen var medlemmar frå barnekora på Vaksdal, Dale og Stamnes med, og gledde dei andre med fin song. Kristin fortalte om sauen som blei borte for bonden, før borna hjalp med å finna den. Etterpå var det lek, bål, symboljakt og pølsegrilling ved fjorden for alle som var med.



**SKIPSELLER:** Born frå Vaksdal, Dale og Stamnes barnekora song saman.

## Baby- og småborns- song, knøttesong og generasjonssong

Me har også i vår hatt samlingar i Dale bedehus og Vaksdal kyrkje, med baby- og småbornssong for born 0-2 år på føremiddagen, og knøttesong for born 1-5 år på ettermiddagen. På Stamnes har me hatt knøttesong for 0-5 år, nokre laurdagar i Allaktivitetshuset. Det har vore fint å treffa både nye og kjende! Ekstra fine er kanskje samlingane med generasjonssong som me har hatt på Daletunet og Jamnetunet, det er kjekt å sjå kor mykje glede borna spreier til alle dei møter. Takk for i vår, til alle som har vore med!



**BABYSONG:** Undring og glede under såpeboble-leik.  
T.h.: QR-kode Facebookgruppa for Baby- og småbornssong og Knøttesong.



**KONFIRMANTLEIR:** Konfirmantane var på tur til Kvamsnaustet i april. Ola Kvamme viser korleis ei laksenot ser ut og fungerte.

## Konfirmantane på leir på Stamnes

Fram mot konfirmasjonane i mai hadde årets konfirmantar ulike opplegg med oss, og me avslutta konfirmantåret saman med ein leir i Stamnes bedehus siste helga i april.

Konfirmantane overnatta i bedehuset, og me var både på

digital sporløype og ein kjekk båttur med Brørvikaskuta til Kvamsholmen, der Ola Kvamme fortalte om laksegiljefiske.

Ein koseleg gjeng å vera saman med!



## KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

# SUPERONSDAG

**Dale bedehus: 26. august, 9. september, 23. september, 7. oktober, 4. november, 18. november, 2. desember.**

**Vaksdal kyrkje: 2. september, 16. september, 30. september, 14. oktober, 28. oktober, 11. november, 25. november.**

**11.30-13.30: Baby- og småbornssong** (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølve songstunda er ca kl. 12. 00. Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar!

Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

**14.00-15.00: Etter skuletid** (5.-7. trinn) Mellomrom (8.-10. trinn)

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby. Varmt måltid (ofte pølser) til alle!

**17.00-18.00: Knøttesong** (1-6 år)

Opplivingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa. Mat, prat og frileik etterpå. Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

**18.30-19.30: Barnekor** (6 år og oppover)

Me syng saman, kjende og nye songar! Etterpå leikar me og et litt frukt.

### Knøttesong i Stamnes bedehus

Me har òg sanserike songsamlingar for born 0-5 år i Stamnes allaktivitets- hus nokre laurdagar i halvåret. Songstunda er fyrst, og etterpå er det ei lita

matøkt. **Planlagte datoar: 29. august, 19. september, 31. oktober,**

**28. november. Tid: Kl. 12.00-13.00**

### Generasjonssong på sjukeheimane

Nokre føremiddagar i månaden syng me saman med dei eldste i kommunen på Jamnetunet og Daletunet. Dette er mykje likt babysong, og passar

for born 0-2 år. Tid: Kl. 11.00-12.00.

**Datoar vert annonsert på facebook/skjerikyrkja.no**

## VELKOMEN INN

Arr: Kyrkjene i Vaksdal. Kristin S. Normann leier samlingane. Sjå gjerne facebookside «Vegen i Vaksdal» for arrangement, eller bli med i facebookgruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for å påminningar og oppdateringar undervegs ☺ Alt er gratis!

# Konfirmantar 2026



**DALE KYRKJE 3. MAI:** Framme, frå venstre: Linnea Tjønneland-Jordal, Veslemøy Langhelle Magnussen, Victoria Irena Laskowska Andersen, Janne Veronika Bekkenes Tollefsen, Hedda Teksum-Roe, Line Kvamme, Maya Alexandria Skorve-Knutsen, Alexandra Seim Stanghelle, Liv Eline Thunes Myrliid. Bak, frå venstre: Lucas Indrebø Johansen, Olav Sellevold Erdal, Kasper Lie Andersen, Lauritz Giusti, Nathaniel Mo Boge, sokneprest Frode Kvamsøe, Leander Soltvedt Frantzen, Magnus Karlsen Dale, Emrik Sellevold Farestveit, Steffan Matheo Jr. Olsen Tveit.

*Foto: Janne L. Berge*



**VAKSDAL KYRKJE 3. MAI:** Framme, frå venstre: Ida Thom Welander, Mathilde Skage Grenasberg, Martha Skage, Mia Hvidsten, Thea Erstad Indrebø. Bak, frå venstre: Mathias Andres Solheim, Jonas Ulveseth Herfindal, vikarprest Roar Strømme, Emil Milen Petrov, Jonathan Røseth Kolbeinsvik.

*Foto: Janne L. Berge*



**STAMNES KYRKJE 10. MAI:** Framme, frå venstre: Albert Tur Amundsen, Markus Vik-Lilletvedt og Samuel Gravdal. Bak, frå venstre: Simen Pedersen Eilertsen og Geir Odin Dale. Vikarprest Roar Straume og kyrkjelydspedagog Kristin S Normann var og med i konfirmasjons-gudstenesta!

*Foto: Kent Amundsen*



**BERGSDALEN KYRKJE 24. MAI:** Sigurd Olsen, ungdomsprest Vetle Leksbø (frå Voss) og Trym Hoddevik Fosse.

*Foto: Mathias Orheim Hoddevik*



# Grilling ute - og fest inne - på Vaksdal

Vêret spelte ikkje heilt på lag då soknerådet på Vaksdal arrangerte sommarfest 19. mai i år.

Men inne vart det god stemning då grillmaten vart servert og Oddny Miljeteig helste til kyrkjelyden sine frivillige medarbeidarar.

«Inga tru er for lita» minte ho oss på. Og ver frimodige på kyrkja sine vegne! – Vi er om lag 3,5 millionar medlemmer.

Seinare på kvelden var det eit ope arrangement i kyrkja med tema «Gudstru mellom bratte fjell».



**GODE ORD:** Oddny Miljeteig.

### Takk til

- Kantor Ruben Gjertsen for vakker musikk
- Oddny Miljeteig for gode og utfordrande ord
- Til alle frivillige som gjer ein viktig innsats gjennom året – og som var med og gjorde denne kvelden til ein fest



**GRILLING:** Grillsjef Tormod Amundsen.



**FEST:** «Takk for innsatsen-fest» i Dale bedehus.

## Medarbeidar-fest for heile kommunen

Over femti frivillige, soknerådsmedlemar og tilsette var samle til «takk for innsatsen-fest» i Dale bedehus 9. juni. På

programmet sto mellom anna middag, konsert med Trine Duesund og Eirik S. Normann. Kantor Ruben Gjertsen

fekk gåve og gode ord i samband med at han sluttar hos oss, og det same gjorde tidlegare sokneprest Fredrik Hope.



**UTE-GUDSTENESTE:** Frå Fitjvasstemna/ Nordviksæterstemna på fjellet mellom Vaksdal og Samnanger 7. juni. Prest var Roar Strømme og musikarar var Anne-Lise og Eilert Tøsse frå Samnanger. *Foto: Oddvar Dale*

## Ute-gudstenester i juli og august

**Skarvastølen (Bergsdalen)** 60.552971, 5.998969

**Søndag 5. juli kl. 15.00**

Støls gudsteneste/ute-gudsteneste, ved Skarvastølen, med sokneprest Frode Kvamsøe. Skarvastølen ligg ved Bergsvatnet. Parkering helst ved betongbrua. Det tek om lag 15 min å gå. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i lavvuen på Småbrekke. Har du spørsmål om turen, kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

**Leiro (Eidsland)** 60.736280, 5.845531

**Onsdag 29. juli kl. 18.00**

Olsokstemna på Leiro, med ute-gudsteneste ved vikarprest Roar Strømme og matøkt etterpå. Dette er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Sauefjøsset på Myster. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Roar Strømme (97 03 77 37).

**Beinhelleren (Eksingedalen)** 60.855905, 6.183390

**Søndag 16. august kl. 12.00**

Ute-gudsteneste ved vikarprest Roar Strømme. Det tek ca. 15 min. å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbrå. Etter å ha køyrt over Trefallbrua tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca. 3 km til Beinhelleren frå krysset ved brua. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i Nesheim kyrkje. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Roar Strømme (97 03 77 37).

**Parken i Holhovden (Dale)** 60.592875, 5.819554

**Søndag 30. august kl. 11.00**

**FEST PÅ KJERKA:** Ute-gudsteneste ved sokneprest Frode Kvamsøe. «Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. I gudstenesta vert og komande års konfirmantar presenterte. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kyrkja. Har du spørsmål kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

**Sjekk heimesida (kyrkja.no/vaksdal) og Facebook for oppdatert informasjon.**

## NY MUSIKK OG NYE TEKSTAR I DALE KYRKJE

**FREDAG 12. SEPTEMBER KL. 18.00**

Då inviterer Berrekristin og Trine Duesund til ei stemningsfull konsertoppleving. Publikum får møte to sterke kunstnarlege stemmer som begge er aktuelle med nytt materiale denne hausten.

Kristin Straume er snart klar med to nye bøker, og under konserten vil ho lese eit utval av eigne dikt. Gjennom varme, ettertenksame og jordnære tekstar set ho ord på det som rører seg under overflata i kvardagen og livet.

Trine Duesund slemper det nye albumet Under overflaten 21. august, og i Dale kyrkje vil publikum få høyre songar frå den nye utgjevinga saman med utvalde låtar frå hennar tidlegare repertoar. Musikken hennar kombinerer sterke melodiar med tekstar som inviterer til refleksjon og nærvær.

## KONFIRMANT-JUBILEUM PÅ DALE OG VAKSDAL

Vart du konfirmert i 1966 eller i 1976?

Sokneråda på Dale og Vaksdal innbyd til fest!

**Vaksdal: Søndag 4. oktober**

**Dale: Søndag 11. oktober**

Ta kontakt med sokneråda eller Kyrkjekontoret viss du vil ha meir informasjon.



DET SKJER  
I BEDEHUSA

## VAKSDAL BEDEHUS

**Storsamling** søndagar kl. 11.00:

6. september, 27. september

**Søndagsskule** i kjellaren kl 11.30 dei same dagane.

**Føremiddagstreff** onsdag (NB) kl. 11.30

Andakt, song og musikk, matpause, m.m.

Kollekt . Alle er velkomne! Vaksdal Indremisjon.

2. september. Gjester: Ellen Haugland,

Ingunn Nøkland, Arnfinn Norheim,

7. oktober. Gjester: Torhild S. Skare, Bjørg Stormark, Karl Magnus Valle, Reidun Skurtveit.

**tovi**  
Elektro

Tlf. 417 94 104  
E-post: tommy@tovielektro.no

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

**ATLANTIS**  
VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal  
**95 97 17 00**



**eviny**



**DALETEC**

**Sæterdal  
Elektro**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 565943 00

**Sparebanken  
Norge**

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan  
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739  
post@falkangerbygg.no

**IdéHUS**  
BYGGER PÅ GODE IDÉER

**Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus**  
Sjå [Idehus.no](http://Idehus.no)

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**Vangen  
Elektriske**

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterksaum
- Alarmanlegg
- Brannansvarlig
- Teleinstallasjoner
- Adgangskontroll

**Tlf. 56 52 36 66 - [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)**



**Bergsdalstunet**

- Selskap
  - Levering av mat
  - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**

*Vaksdal*

BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

**DØGNVAKT: 56 59 74 70**  
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

TRENGER DU NOKON  
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.  
22 40 00 40 • soschat.no

KIRKENS SOS

## Kyrkjebøker i Vaksdal


### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

**NY PRIS kr 150,-**

*Vil du ha ei bok eller fleire?*

*Kontakt Kyrkjekontoret.*



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje

50 år. 220 sider. **NY PRIS kr 100,-**

*Vil du ha ei bok eller fleire?*

*Kontakt Kyrkjekontoret.*



### Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

**Kr 50,-**

*Vil du ha ei bok eller fleire?*

*Kontakt Kyrkjekontoret.*



### Soga om Stamneskyrkja (1986)

229 sider **Kr 50,-**

**Jubileumshefte for**

**Stamnes kyrkje**

**Kr 100,-** (Perioden 1986-2011)

*Vil du ha ei bok eller fleire?*

*Kontakt Kyrkjekontoret.*



## LIVETS GANG



### DØYPT

#### Vaksdal

08.03 Milla Anna Petrov

08.03 Emil Milen Petrov

12.04 Johannes Sandvik Fossmark

#### Dale

29.03 Marte Dyvik

#### Stamnes

25.04 Albert Tur Amundsen

25.04 Lauritz Giusti

#### Eksingedalen

07.06 Kari Sjurstræ Trefall

07.06 Loke Nottberg Brønstad



### DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

#### Dale

07.03 Audhild Helle 1934

#### Vaksdal

18.03 Turid Ulevik Gundersen 1936

07.05 Harald Kalleklev 1942

#### Stamnes

19.05 Astrid Ingeborg Flesland 1938

21.05 Anne Kari Straume 1963

**HJEDER** | **NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**  
Avdeling Vaksdal

**DØGNVAKT: 56 99 25 70**

Begravelsesbyrået med hjarte for distriktet  
og omsut for kvar einiskild familie.  
Botnavegen 18. 5725 Vaksdal | www.nordh-bb.no

## PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:

- # Petersens Handleri
- # Dale kyrkje
- # Kyrkjekontoret
- # www.zeth.no





## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Søndag 21. juni – 4. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Strømme.  
FAGERTUN LEIRSTAD kl. 12.00. Fagertun-stemna / Familie-  
gudsteneste ved Kvamsøe m/fl. Matøkt og basar etterpå.

### Søndag 28. juni – 5. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Strømme. Nattverd.  
STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste ved Strømme. Nattverd.

### Søndag 5. juli - Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida

SKARVASTØLEN (i Bergsdalen) kl. 15.00. Stølgudsteneste ved  
Kvamsøe. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

### Søndag 12. juli – 7. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd.

### Søndag 19. juli – 8. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd  
DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd.

### Søndag 26. juli – 9. søndag i treeiningstida

Ingen gudstenester i Vaksdal.

### Onsdag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl. 18.00. Olsokstemna/ute-gudsteneste ved  
Strømme. Felles avgang frå Myster kl. 16.30.  
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

### Søndag 2. august – 10. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Strømme. Nattverd.

### Søndag 9. august – 11. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Strømme. Nattverd.

### Søndag 16. august – 12. søndag i treeiningstida

BEINHELLEREN (Trefall) kl. 12.00. Utegudsteneste. Strømme.  
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

### Søndag 23. august – 13. søndag i treeiningstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Kvamsøe.  
Nattverd. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste ved Strømme. Nattverd.  
Konfirmant-presentasjon. Kyrkjekaffi.

### Søndag 30. august - Vingardssøndagen / 14. søndag i treeiningstida

PARKEN I HOLHOVDEN (Dale) kl. 11.00.  
Fest på kjerka! Gudsteneste i samarbeid med Sjømannskyrkja ved  
Kvamsøe. Konfirmant-presentasjon. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd.  
Konfirmant-presentasjon. Kyrkjekaffi.


### Søndag 6. september – 15. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bergsdalsstemna. Gudsteneste  
ved Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi og samling i kyrkja etterpå.

*Oppdaterte opplysningar om gudstenestene finn du her:*

*Annonser i lokalavisa same veka, på plakatar, på kyrkja.no/vaksdal og på skjerikyrkja.no*

**Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.**



## Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkomen til dåp!  
Ta gjerne kontakt med oss:

**Telefon:** 56 59 39 20

**E-post:** kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Post:** Postboks 113, 5721 Dalekvam

**Kom innom:** Fabrikkvegen 3 på Dale

**Heimeside:** www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,  
og kunne sende innbyding til dåp.  
No får me ikkje lenger den informasjonen,  
og kan difor ikkje sende innbyding direkte.